

MÅNADSPLAN FOR FEBRUAR 2012 - KLEVEN

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	
		1.  STØVTØRK	2.	3.  HUSSAMLING  SMØRE SJØLV	5
6.  SAMEFOLKETS DAG	7.  tema: SAMAR	8.  tema: SAMAR	9.  tema: SAMAR	10.  HUSSAMLING  SMØRE SJØLV	6
13. LEIKEMIX 08: Kleven 09: Lue 	14.  BLÅ+RAUD=LILLA ME STARTAR OPP MED MÅLING OG FARGEBLANDING >>	15.	16.	17.  HUSSAMLING  SMØRE SJØLV FASTELAVNSBOLLAR 	7
20.	21.  KARNEVAL	22.  ME STARTAR MED MINI-LAMER OG «DU OG JEG OG VI TO»- SAMLINGAR >>	23.	24.  HUSSAMLING  SMØRE SJØLV	8
27.	28.  Ingunn 4 år	29.	Månadens språkråd: Bruk rim og regler saman med barnet. Les gjerne høgt frå bok med bilde til relgene. Seinare kan de prøve utan boka for å få barnet til å leggje meir merke til språket.		9



FEBRUAR:

«Me sår forteljingar av alle slag og haustar opplevingar og gleder i lag»

Mål: sjå månadsplan for september

>Me les bøker/eventyr i lag med barna og vil bruke lesegrupper i samling i blant.

>I februar brukar me fortsatt eventyret «Skinnavotten» mest.

>Me syng vintersangar og brukar rim, regler

Me fortset med tema **musikk** med fokus på m.a. dynamikk, tempo og rytme.

I februar skal me jobbe meir med **måling og fargeblanding**.

No skal me blande blå og raud - så får me sjå kva som skjer 😊

«Du og jeg og vi to» for 08-barna, temaforteljing 7.

Mål: Barna skal lære å kjenne att når andre er redde, og at det kan variere avhengig av tid og person.

Mini-Lamer for 09-barna / tema: «å vere lei seg».

Mål: barna skal lære å kjenne att og setje ord på egne og andre sine kjensler.



Samarbeid i alderslike grupper:

Det blir leikemix måndag 13.februar. Me leikar , har samling og et formiddagsmat i lag.

Samefolkets dag er 6.februar.

Mål: -barna skal bli kjent med at samane er urfolket i Norge

-barna skal få kjennskap til ulike sider av den samiske kulturen

Me markerer dagen med reinskav. Heile veka brukar me bøker, forteljingar, foto og flagg knytt til den samiske kulturen. Me lyttar til samisk musikk og joik.

Fastelavn/karneval:

17.februar bakar me fastelavnsbollar og kosar oss med bollar, syltetøy og krem.

21.februar er det «feitetysdag» - med tradisjonelt karneval i barnehagen vår (sjå eigen info seinare).

Barna må vere komne kl.9.30 på karnevalsdagen.

Torun Sørboen går på Grønland folkehøgskule.

Ho skal vere utplassert på Kleven 4 dagar i veke 8.

Øystein, Mona og Torbjørg



«SEA SIST» :

Ungane slår stadig fast at «no er jula slutt» - og det markerte me jo 13.dag jul med peparkaker og sløkking av utetreet 😊

Deretter følgde solfesten, sjølv om me ikkje såg så mykje til sola....

Me prata om lys/mørke, kaldt/varmt, sang solsangar og såg filmsnuttar med sola og planetane. Ungane laga seg soler av ulike slag. På solfesten var det rikeleg med»solfargar»- i alle fall inne!!

Endeleg er det «skikkeleg vinter», og mange av ungene kosar seg med ski.

Dei er veldig flinke og ivrige 😊

Aking i bakken er også populært – enten med akematte eller rumpebrett (det kjem an på kor hardt eller glatt det er).

I mjuk nysnø er det berre fantasien som set grenser for kva ungene kan leike, og fantasi har dei rikeleg av!! (Det blir mange flyturar til Syden, det bur grevlingar under utebordet m.m.)

Me snakkar om vinter i samling og syng kjente vintersangar (t.d. «Se opp, snør det», «Det snør, det snør», «Vi tenner våre lykter» m.fl. , særleg «Bustebartepinn» sler godt an).

Eventyret «Skinnavotten» er også knytta til vinteren. Me les eventyret eller dramatiserer med figurar, ungene har også så smått tatt del i dramatiseringa.

Øystein har jobba vidare med tema «musikk», og ungene har fått høyre/danse til country, disco, rock m.m.

Dei har gjort egne erfaringar med sterk/svak og tung/lett gjennom dramaleik til musikk (brakte m.a. «I Dovregubbens hall»). Ungane har fått prøve seg litt på el-gitar, bongotromme og ulike rytmeinstrument.

I januar har me dessutan drive med takkebakst og hallingkost.

Både «uvande kvikaku» og flatbrød! Ungane storkosa seg med kjevle og flatbrødtrill, og det var ekstra spennande å bere flatbrødleiven på bakstefløyen bort til takka.

Me har hatt 2 dagar med leikemix i alderslike grupper, og det er moro å besøke kvarandre og prøve leikene på andre avdelingar. Litt etter litt blir ungene bedre kjent.

Me har starta opp med mini-Lamer for 09-gruppa i tillegg til «Du og jeg og vi to» for 08-gruppa. Samlingane foregår i små grupper og blir kalla «møter» (veldig populært å gå på «møte»!!). Me les forteljingar knytt til målsetjinga, og snakkar om temaet, og så teiknar ungene.

Hussamlingane blir brukt til dramatisering av eventyr og til sang.